



## Referat frå styremøte i Radøy idrettsråd:

Måndag 14.11.2016 kl 1900 i Radøyhallen

Desse møtte: Bjørn Ove Myking, Odd Helge Hagen, Andre Michelsen og Olav Steinar Namtvedt

Forfall: Tanja Smeding og Tanja Thomassen

### Sakliste:

#### Sak 1: Uttale til fordeling av kommunale Driftsmidlar 2016

Saka er sendt Radøy idrettsråd for uttale.

##### **Idrettsrådet sin uttale:**

**Radøy idrettsråd har ingen merknader til fordeling av kommunale Driftsmidlar for 2016.**

#### Sak 2: Uttale til prioritering av søknader om spelemidlar – søknadsrunde 2017

Saka er sendt Radøy idrettsråd på høyring

##### **Idrettsrådet si innstilling:**

**Radøy idrettsråd har ingen merknader til foreslått prioritering av søknader om spelemidlar for ordinære anlegg og nærmiljøanlegg for søknadsrunden 2017.**

#### Sak 3: Budsjett for Radøy kommune 2017

Radøy idrettsråd har fått Radøy kommune sitt framlegg til Budsjett 2017 til uttale.

Idrettsrådet sin uttale:

- Idrettsrådet har visse vanskar med å vita kva som ligg i dei ymse postane, så her bør budsjettet vera meir utfyllande
- Til dei ymse postane:
  - **Kultur 14712 Kulturmidlar 405 000.** Her ligg og midlar til leiaropplæring, og leiaren har fått opplyst at her ikkje er nokon auke frå budsjett 2016 (375 000). Aktivitetsnivået er aukande, og **Idrettsrådet ber om at posten vert auka med 10%.**
  - **Kultur 14713 Tilskot til idrettsbaner 340 000.** Her ligg etter det leiaren har fått opplyst leige på 40 000 til Hordabø IL for kommunen sin bruk av anlegga.

Desse midlane bør etter idrettsrådet sitt syn liggja i oppvekstbudsjettet. Det er såleis ingen auke på denne posten frå budsjett 2016 (300 000). I 2017 kjem kunstgrasbana til Hordabø IL inn, og med det aukar vekttalet med 1,0 ( frå 14,4 til 15,4), noko som reelt sett fører til ein nedgang i tilskotet til vedlikehald og drift av idrettsbanene. Idrettsrådet er vidare kjent med at Meland kommune, som me kan samanlikna oss med, yter 650 000 til same føremål. **Radøy idrettsråd vil såleis be om at denne posten vert auka monaleg, slik at me i løpet av tre år kjem på same nivå. Tilrådd auke for 2017: 100 000.**

- **Radøy idrettsråd sitt arbeid: Her ber me om at det vert sett av 5 000 på ein eigen post**

#### **Sak 4: Orientering frå Idrettsrådskonferansen 2016**

Frå idrettsrådet i Radøy møtte Bjørn-Ove Myking, Odd Helge Hagen og Olav Steinar Namtvedt. Frammøte var uvanleg godt, m.a. fleire politikarar, og mange interessante tema var på programmet.

**Kort oppsummering:** Eit sentralt tema var «Idrettsglede for alle. Korleis få barn og unge med på idrettsaktivitetar. Idrett, makt og kvinner. Ordførar Astrid Aarhus Byrknes og kultursjef Øyvind Stang snakka om samarbeid i Lindås i høve til idrett. Idrettsrådsarbeid i praksis (Kvinnherad), der m.a. spørsmålet om korleis få alle med/ betaling av kontingent var ei viktig sak. Skatt Vest snakka om rein idrett, rein økonomi og kor viktig det er at idrettslaga sit seg inn i dei ulike reglar som gjeld. Posten «Diskusjon og erfaringsutveksling « omhandla idrettsråda sin legitimitet både innan idrettens eigne organ og mot lokalsamfunna, rekruttering til idrettsråda og kontakt til kommunen og idrettslaga.

#### **Sak 5: Eventuelt**

- Eit sentralt tema på Idrettsrådskonferansen var: **« Idrettsglede for alle» og « Korleis fanga opp fråfallet?»**

**Vedtak:** Leiar i idrettsrådet tek kontakt med oppvekstsjefen i Radøy kommune for å drøfta om det kan gjerast eit felles framstøyt saka.

- **Bruk av idrettslaga sitt utstyr.** Dette er særleg aktuelt for Radøy idrettslag, som eig ein del turnutstyr som og vert nytta av Sæbø skule.

**Vedtak:** Radøy idrettslag tar kontakt med oppvekstsjefen i Radøy for å drøfta saka.

Olav Steinar Namtvedt, skriivar

